

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~xx~~

Emnenr.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: Uvdal

Emne: Folkelege musikkinstrumenter Bygdelag: heile Uvdal.

Oppskr. av: Anna Samuelsen

Gard: Skogheim

(adresse): Uvdal

G.nr. 61 Br.nr. 5.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. eige røinsle
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.)

Kjenner ikkje til at lurar har vore utstyrt med ein einkvart lydskapande ved munningsenden.

2.)

Den her omskrevne lur kalle me for "Halpipe".

3.)

Slikt som rangle var ikkje kjend her før dei var aa faa kjøpt i butikkan, heller ikkje noko som kona erstatte slike. Naar ungan var smaa oa dei satt paa fange til far sin, var det svert gilt aa faa lye til lommeklukka hans, som han daa helt upte øira deres.

4.).

Somme maatar ein fer fram smell paa er kjendt t.d. smell'eit blad i handa. Smelle ein pose fyldt med luft. Smelle blomstekruna paa slike som ser ut som ei dobbelt stor ert, me kalle dei "smellebloma" eg veit ikkje rette navne paa dei. Svepesmell, naar dei var ute o kjøirde i lettsjuss. (med kariol ell' "jaagaasle". Dei her omtala smell var mest til tidsfordriv, men gevær og dynamitt vart brukta ved festlege anledninga. Nokonslags trui som knytte

seg til den saluterinje var det ikkje her, ska ein finne  
noko viare aavertru maa ein reise langer utaaver Numedal,  
det begynna so smaat i Nore o kulminera i Flesberg, men  
ein maa vera lokalkjend med folkje ska ein faa greie paa  
noko slikt. ( Skulde vore veldig moro aa faat ta ein slik  
opdagelsestur, men det er vel kanske ikkje noko som inte-  
resserar dykk? )----

Det har vore og er ikkje so sjella endaa aat dei sjote  
inn jule. Like før dei setta seg te aa eta meddagen juleeftan  
jeng ~~manni~~ huse ut o sjyt eit skøt, dei "sjote inn jule.  
Likeins er det nytaarseftan, daa bli det løist eit børse-  
skøt, det heite aat dei sjote ut det gamle o sjote inn &  
det nye aaret.

For ein 60 aar sea sea hadde ikkje so maange gevær.  
Iallfall var det almindeleg skikkat det brukte nokon smaa  
pistoler som dei fylte krutt i laupe og tettet med papir-  
<sup>στρατός</sup>  
dreva, so helt dei paa heile naatte der det var bryllaup -  
(jestebø vart det kalla). Om morgon laag det kvitt av papir-  
dreva ront heile tone der det var lag .

Nokonslags trui knytte det seg ikkje til  
den sjotinje, det skulde berre vera æresbevisning te  
brupare. Dei seinare aar bli det brukte dynamitt te salu-  
tering ved bryllaup.

### 5.)

Me kjenner ikkje til nokon sers lyder eller ulyder  
som skulde drive burt vonde ænder, sjukdom ell' andre  
ulykker.

X XXXXXXXXXXXXXXXXXX